

MOTTATT  
02 MAI 2012



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		25872/2012/033	Kari Rundmo	30.04.2012

## T 25-12 Uttale: Staten må auke overføringane til fylkesvegnettet

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok under si samling 18. april 2012 følgjande uttale i sak T 25/12:

Nasjonal transportplan 2014-2023 er no ute på høyring, og Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale til dokumentet skal behandlast i fylkestinget under samlinga i juni. Samferdselsutvalet får seg saka forelagt i møte den 25. april. I saksframlegget er vedlikehaldsetterslep og behov for auka statleg finansiering av fylkesvegnettet sentrale tema. Nokre punkt frå saksframlegget er referert nedanfor:

- *Det totale økonomiske rammetilskotet til fylkeskommunane for vedlikehald må ligge på minst +45 prosent i forhold til planteknisk ramme for å ta igjen vedlikehaldsetterslep og styrke vedlikehaldet.*
- *For driftskontraktane må auken vere tilsvarende auken på statleg vegnett. I forslaget skriv etatane sjølv at: "Prisøkningen har vært høyere enn kompensasjonen som er gitt i de årlige rammetilskuddene til fylkeskommunene". Situasjonen har altså vorte dårlegare enn ved innføringa av forvaltningsreforma. Dette må rettast opp.*
- *For Møre og Romsdal er forfallet på bruer, tunnellar og ferjekaier utrekna til om lag 3, 1 mrd. kr, og er det fylket som har det nest største forfallet. Forslaget omtaler dette som "kritisk infrastruktur". Forfallet som har kome fram er så omfattande og alvorleg at det må skipast til eit eige program for rehabilitering av fylkesvegnettet. Forutsetninga er likevel at eit slikt program eller tilskotsordning inneber kraftig auke i dei økonomiske overføringane, og blir eit program med god framdrift.*
- *Prosjektfinansiering av store investeringsprosjekt gjennom eitt samla vedtak bør innførast. Dette ville vere svært positivt, sikre effektiv gjennomføring, og gi utbygging på lengre samanhengande strekningar.*
- *Bruk av utanlandsk arbeidskraft må vurderast, og vil truleg kunne løyse mange utfordringar, og moglegheitene er store med dagens vanskeleg økonomiske situasjon ute i Europa.*
- *Forslaget om parallelle planprosessar kan vere positivt, men kan og gjere det vanskeleg å gjennomføre endelege prioriteringar, og legge ein realistisk finansieringsplan før planlegging etter PBL startar. Teknisk mogleg gjennomføring og kjende kostnadar vil ofte vere ein premiss for prioritering.*

Da fylka overtok ansvaret for mesteparten av fylkesvegnettet i 2010, følgde eit stort etterslep i vegvedlikehald med på lasset. Storleiken på dette etterslepet og ei dramatisk auke i kostnadene på drift og investeringsprosjekt gjer det stadig vanskelegare for fylka å ivareta oppgåvene sine når det gjeld samferdsel. For Møre og Romsdal sin del vart storleiken på etterslepet i vedlikehald i første omgang anslått til rundt 700 mill kr. Oppdaterte berekningar for tunnelar, bruer og ferjekaier viser at det berre på desse konstruksjonane er eit etterslep på om lag 3,1 mrd kroner. Eit røft overslag vi har gjort for fylkesvegane utover nemnde konstruksjonar viser eit etterslep på om lag 1 mrd kr.

Fylkestinget i Møre og Romsdal krev difor at regjeringa må auke overføringane til samferdselstiltak i fylka kraftig i samband med behandlinga av neste års statsbudsjett. Følgjande tiltak må prioriterast:

- Det må vere samsvar mellom prosentvis vekst i rammene til drift og vedlikehald av riksvegar og fylkesvegar. Når staten antydar auke i rammene for riksvegar med 45 % fra eitt budsjettår til neste pga kostnadsvekst, må det vere sjølvstekt at rammeoverføringane til fylkesvegnettet blir auka minst tilsvarande målt i prosent. Dette må også gjelde øyremerka midlar til rassikring. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at ei auke i rammene for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet bør vere på 60% for budsjettåret 2013. Sterk slitasje på vegnettet på grunn av trafikkvekst og ekstremver, kombinert med ein kraftig prisvekst på drifts- og vedlikehaldskontraktar, gjer at rammene må aukast i ein slik storleik.

- Ordninga med rentekompensasjonsmidlar til investeringar på fylkesvegnettet må forlengast fram til 2030, og doblast frå 2 mrd kr pr. år til 4 mrd kr pr. år frå og med 2013. Hvis ikkje dette blir gjort, vil det bli svært vanskeleg for fylka å gjennomføre større investeringsprosjekt på fylkesvegnettet.

- I tillegg til rentekompensasjonsordninga må det innførast ei ordning med eit statlig fond for store fylkeskommunale samferdselsprosjekt, der fylka kan søke om ekstra rentefrie lån og statstilskot for å gjennomføre særleg store og kostnadskrevjande investeringsprosjekt langs fylkesvegnettet.

Fylkestinget ber fylkesordføraren snarast forfatte og sende eit brev til regjeringa basert på det som står nemnd ovanfor, og be om at statsråden/departementet vert invitert til eit møte i Møre og Romsdal med fylkesting/næringsliv.

Med helsing

Jon Aasen  
fylkesordførar

Kopi:

Transport- og kommunikasjonskomiteen  
Mørebenken v/leiar Else-May Botten

Stortinget 0026 OSLO  
Stortinget 0026 OSLO